



Vestbygd Eiendom AS  
Røysetvegen 100  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1910 - 19/3814

Saksbehandlar:  
Inga Lill Holen  
inga.lill.holen@meland.kommune.no

Dato:  
21.02.2019

## Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - Utbetring av septiktank - GBNR. 8/5

### Saka gjeld

Meland kommune viser til melding frå kommunen om lekkasje frå septiktank av 13.07.2016 med frist for utbetring ved tømning i 2017, samt førehandsvarsel med krav om utbetring av septiktank, datert 04.07.2018, med frist for tilbakemelding innan 24.09.2018. Dykk vart og påminninga om tilhøvet i utgåande skriv av 24.01.2019, med frist for tilbakemelding 06.02.2019. Kommunen har ikkje motteke tilbakemelding frå dykk, og handsamer saka på bakgrunn av dette.

### Grunngjeving for pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt

Meland kommune mottok 24.06.2015 melding frå dei som tømmer tanken om lekkasje frå septiktanken på eigeidom gbnr. 8/5. I utgåande skriv av 13.07.2016 vart frist for utbetring satt til neste tømning i 2017. Kommunen har ikkje motteke tilbakemelding frå dykk om at lekkasjen er utbetra, og kommunen fekk den 06.09.2017 melding om at septiktanken har lågt nivå. Lågt nivå i tanken tyder på at septiktanken framleis lek og at lekkasjen framleis ikkje er utbetra.

Det følger av forurensingsloven § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensing» utan at det er gjeve løyve. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen og medfører fare for at menneske og dyr verte sjuke.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for tilhøve på eigeidomen ikkje verkar ureinande. Grunnboka viser at selskapet er heimshavar til eigeidomen. De er difor ansvarleg for å retta opp i det ulovlege tilhøve.

Som følgje av det ovannemnde blir selskapet pålagt å utbetre septiktanken og ilagt av tvangsmulkt dersom det ikkje blir gjort innan fristen.

### Pålegg om retting

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Det følger av forurensingsloven § 7 fjerde ledd, jf. andre ledd at kommunen kan pålegge den ansvarlege for ureining å iverksetje tiltak som sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av ureining.

Med heimel i forurensingsloven § 7 gjev Meland kommune deg pålegg om retting av septiktank på eigedom gbnr. 8/5.

Retting må skje ved at septiktanken vert utbetra.

I den samanheng minnar kommunen dykk på at vesentleg reoperasjon eller endring av avløpsanlegg i utgangspunktet er søknadspliktig etter plan- og bygningsloven § 20-1. Dersom de er usikker på om utbetringa/reoperasjonen av septiktanken er eit søknadspliktig tiltak kan du ta kontakt med kommunen.

Frist for retting er satt til **31.05.2019**. Meland kommune skal underrettast skriftleg når arbeidet er utført ved at skjemaet for tilbakemelding vert fylt ut.

### **Ilegging av tvangsmulkt**

Viss ikkje dei ulovlege tilhøva er retta innan fristen vil pålegg om retting bli tvangsfullbyrda ved hjelp av tvangsmulkt, jf. pbl. § 32-5. Tvangsmulkta vil telje frå 01.06.2019 og inntil til pålegget er etterlevd. Tvangsmulkta vil vere i form av ein eingongsmulkt pålydande kr. 10 000,-, samt dagsmulkt pålydande kr. 100,-, jf. pbl. § 32-5 annet ledd.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfullbyrdelsesloven § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

### **Andre opplysningar**

Dersom pålegget ikkje vert fulgt kan kommunen utferde førelegg etter pbl. § 32-6. Eit førelegg vil få same verknad som ein rettskraftig dom, jf. pbl. 32-7.

### **Tilbakemelding**

Når retting er utført må de fylle ut vedlagt tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Skjema og bilete sendast til:

- E-post [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)
- Brev Meland kommune, p.b. 79, 5906 Frekhaug

Elles svarar vi gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller e-post [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no).

### **Klagerett**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan påklagast, jf. fvl. § 28-36. Klagefristen er **3 veker** frå melding om at vedtaket er motteke. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen og klagen skal grunngjevast. Herunder det skal gå føre av klagen kva som vert påklaga og kva endringar ein ønskjer.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg å referer til referansenummer 16/1910.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Inga Lill Holen  
juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Skjema for tilbakemelding

**Mottakere:**

Vestbygd Eiendom AS

Røysetvegen 100 5919

FREKHAUG